

Dei fyrste bodbringarar om vår!

26.01.2009



Snøklokker klare til å springa ut på Neset! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan meldingane om tøff vinter framleis strøymer på i media har dei fyrste bodbringarar om vår - snøklokkene - dukka opp i Uskedalen.

På latin heiter den vanlege varianten av snøklokkja galanthus nivalis.

Denne gongen nyttar vi høvet til å læra litt meir om den vesle og tapre laukplanta. Vi les mellom anna at blomstringstida er frå februar til og med april, men her i traktene startar blomstringa tydelegvis allereie i januar fordi vi bur i eit område med så mildt klima.

Dei vanlegaste snøklokkene er rundt 10 centimeter høge, men det finst variantar som blir heilt opptil 25 centimeter. Snøklokkja likar helst sol og halvskygge som vokseplass og ho trivs best i moldrik jord som ikkje blir heilt tørr. Planta formerer seg ved sidelaukar eller deling når blomstringa nærmar seg slutten.

På svensk heiter snøklokkja snödroppar medan danskane kallar henne vintergæk. På engelsk har ho det kanskje vakraste namnet: SNOWDROP!

Det er mange vakre sagn og eventyr om snøklokkene, men dette skala vera sant: Den mektige tsarina Katarina den store av Russland vart så imponert av dei små, vakre blomane at ho freda dei og beordra at det skulle settast ut militærvaktt over snøklokkene.

Av Ola Matti Mathisen